

## Fliflet (gnr. 129)

Fridaflet: Gardnamn som Oluf Rygh tyder, og sikkert med rette, til Vakkersletta. Fornfunn er ikkje registrerte på Fliflet, men garden er sikkert av dei eldste i bygda. han er såleis nemnt og omhandla i diplom både av 1329 og 1330. Fliflet var dertil tidleg ein stor gard. I den tid gardane var gruppert i fullgardar, halvgardar og ødegardar, finn ein alltid Fliflet ført i gruppa for dei 28 fullgardane i Fåberg.

Fliflet vart tidleg lensmannsgarden i bygda framfor alle andre. Ikkje minst la det tidleg ein dim av ry og respekt kring garden. Der var det visst arrest og, og lensmannen trong å ty til å bruke ho.

I år 1594 finn vi alt namnet skrive i ei godt kjenneleg form: Fliflett, og garden svara da sine 60 skilling til den ekstra bygningsskatten, og dei andre 27 fullgardane i Fåberg. av lista over tiendekorn 1604 går det fram at utreidsla frå Flefletter var 2 ½ tønne, som t.d. Traasetter og Bulung og svara. – I odelsmanntalet av 1624 er gardnamnet atter skrive Fliflett, og det er opplyst at Niels Fliflett med sine arvingar åtte jordegods til 1 ½ hud landskyld i Fliflett. – Da den ekstra kopskatten 1645 vart innkrevd, vart det betalt for Fliflett med i alt ½ dlr. 16 skilling. det budde da to familiar på garden: Peder Fliflett med hustru og Niels Fliflett med hustru. Etter den sær pålitelege kjalda kvegskatten 1657 var husdyrhaldet da på dei to Fliflettgardane tilsaman: 1 hest, 4 hopper, 30 naut, 34 sauer og 5 griser.

Elleve år seinare kom i 1668 den første matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Fliflet vidare fotalt at enga, innmarka på garden var ”Temmelig goed, Kand dog icke forbedis”. Men det var skog til gards bruk, ein liten humlehage, og Fliflet hadde da alt seter og sommarbeite på ”Rycha Setter”, Ruken seter. Det går elles fram at Christen og Erich da brukte garden isaman, og at den gamle landskylda av garden da var sett til 3 huder eller 4 pund 8 merker smør, som alt tilhørde brukarane. Av ei anna kjelde veit vi elles at dei to brukarane egentleg heitte: Christen Jacobsen og Erich Barrakasen, og at Christen i 1665 var 53 år og Erich var 50 år. Det var da elles ein ungdom, Laurits Pedersen, på Fliflet i den tid. Og Laurits var berre 16 år, men han var alt rullefør som soldat. Ein minnest at dette var i dei lange og harde krigane på 1600-talet.

Frå Fliflet på 1600-talet er vidare å fortelja at i 1674 hadde Christen Jacobsen Fliflet selt 3 skinn jordegods i Høchlien til den driftuge svogaren sin Holm Gullichsen, og i 1678 var Flifletgardane utlagt til ”Ryttergard”.

Christen Jacobsen Fliflett, som truleg var noko av ein bygdekonge, hadde mange born som vart gifte til gode kår, dei fleste i Fåberg, men nokre av dei også i andre bygder. – Forutan Tosten Christensen, som tok over som brukar på Fliflet, var Knut Christensen brukar på Bråten i Ringsaker, Anne Christensdtr. var gift med Ole Jørstad, Ingeborg Christensdtr. var gift med Ole Hovde i Gausdal, Eli Christensdtr. var gift til Kval, og enda var det ein som heitte Ole Christensen og ei dotter som heitte Marit Christensdtr.

År 1723 kom det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Fliflet m.a. fortalt at det samla husdyrtalet da var auka til 5 hestar, 2 føl, 30 naut, 30 sauer og 14 geiter, og den årlege utsæd av korn til ca. 9 tønner bygg og 3 skjerper rug. Det er vidare oppgitt at Fliflet hadde seterslått til 10 lass høy, og at høyavlinga i det heile utgjorde kring 60 lass. Eigar og brukar av garden var da Tosten Christensen ”med sine Stifbørn”. – Men to år seinare var i 1725 husbonden Tosten Christensen død, og det var skifte på ”Fliflet i Faaberg”. Tosten hadde vore gift med Anne Siversdtr., og at dei hadde 3 born: 1. Christen, 2.

Beret, 3. Anne. Av desse var sonen Christen Fliflet alt da død, og det er vidare fortalt at Christen Tostensen hadde vore gift med Eli Stenersdtr. frå Gausdal, og at dei hadde to born: Berte, som i 1725 var 12 år, og Anne Dorthea, som i 1725 var 8 år. – Beret Tostensdtr., som før er nemnt, var i 1725 gift med Ole Lundgaard, Anne Tostensdtr., som og er nemnt, var gift med Peder Røyne i Vingrum.

Enka Eli Stenersdtr- Fliflet gifta seg så oppatt med Sersjant Simen Poulsen Fliflet, som han snart etter skreiv seg. – Av 14. juni 1725 er såleis ei tinglyst kontrakt avfatta på ”Fliflet i Faaberg” der Ole Lundgaard og Peder Rønne, sergeant Simen Poulsen Fliflet, foged Stenersen og Jon Fjerdrum ordna det slik at jordegods i Fliflet til 1 ½ hud skulle ”følge Christen Fliflets umyndige børn”. Når foged Stenersen her var tilstades, var det sikkert etter ønske av søstera Eli Stenersdtr. Fliflet.

Frå fleire år seinare er ei sak av 1741 som etter utskrift er sålydande:

”Fliflet i Faaberg. Faaberg 14. juni 1741.

Lensmann Simen Fliflet og hustru Eli Steenersdtr. Vaalen har ved prok. Rømer innstevnt Ole Jørstad og hans far Lars Jørstad til å høre vidner ang. den av Ole Jørstad påstevnte gårdeparts odels innløsning. Vidnerne forklarte at Eli Stenersdatters første mann, Christen Tostensen kjøpte grd. Fliflet av Lars Jørstad for Eli Stenersdatters arvepenge fra Waalen. Tingsvidnet ble efter citantens forlangende sluttet”.

Her var altså Simen Poulsen Fliflet blitt lensmann i Fåberg. Frå tolv år seinare går det i 1752 fram at Fliflet også da var delt i to gardar. ”Christen Simensen paa Fliflet” fekk da søskenskjøte på grd. ”Fliflet, nedre stue, skyld 1 ½ hud for 400 rd”.

I mellomtida hadde elles Simen Fliflet og Eli Stenersdtr. den 7. juni 1751 halde skifte på ”Fliflet i Faaberg” Ved dette skiftet vart jordegodset i Nedre Fliflet av skyld 1 ½ hud, taksert for 400 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1108 rd. og netto 1069 rd. Arvingane ved skiftet var born og borneborn i baa Eli Stenersdtrs. ekteskap, og arvingane var nokså mange. Borna hennar i ekteskapet med Simen Fliflet var såleis: 1. Christen Simensen, som da var 29 år, 2. Poul Simensen, som alt var lensmann i Gausdal, 3. Stener Simensen, 24 år, 4. Eli Simensdtr., 14 år. – Vidare var det born og borneborn i ekteskapet med ”løytnant Christen Tostensen Fliflet”, og dei var desse: 1. Berthe f. 1713, g.m. Peder Olsen Rotaas, born: a. Ole Pedersen, 19 år, verge: Ole Mellum av Ringeby, b. Christen Pedersen, 17 år, verge Peder Øystad i Land, 2. Anne Dorthea f. 1717, g.m. Peder Øystad i Land.

Tre år seinare gav i 1754 dei to arvingane Christen Pedersen Rotaas og Peder Olsen Øystad skjøte til Christen Simensen på øvre Fliflet av skyld 1 ½ hud for kjøpesum 295 rd., og dermed var altså Fliflet av skyld 3 huder atter samla på ei hand, husbonden Christen Simensen, si hand. – Året etter gav i 1775 Christen Fliflet skjøte til Johannes Seielstad på ¼ av fiskevarpet Øren i Laugen for 200 rd., men denne handelen vart i 1762 omattgjord.

Av år 1774 er ei sak som etter utskrift er framstelt slik:

”Fliflet i Faaberg. 17. febr. 1774.

På fogdens forespørsel bekrefter lagrettet og almuen at gården og dragonkvarteret Fliflet, som skylder 3 huder, på grunn av vandflom har nydt ”affelding” på 1 huds skyld. Fogden begjærte i dette tingsvidne inndraget hva som er anført i skatteboken for 1762.”

Ein merker seg årstala, om liknande saker og finst under andre gardar frå denne tid. – Her på Fliflet har det elles vore ein husmannsplass som heitte Skredhaugen. Det var der Engebret Olsen fekk arv i 1751.

Christen Olsen var framleis eigar av Fliflet i 1783. Han gav da skjøte til eldste sonen sin, Simen Christensen, på Fliflet i Fåberg, da av skyld 2 huder ”Med alle til- og underl. herligheter for sum 1098 rd.” Men året var i 1784 husbonden Christen Simensen død, og det var atter skifte på Fliflet i Fåberg. Ved dette skiftet er det opplyst at Christen Simensen og kona hans, Anne Iversdtr., hadde 6 born. Det var: 1. Simen Christensen, som altså da hadde overtatt som eigar og brukar av Fliflet, 2. Iver Christensen, som det er oppgitt var lensmann, 3. Marthe Christensdtr., som var gift med Christopher Arnesøn Lundgaard, 4. Anne Christensdtr., g. m. Ole Arnesøn Lundgaard, 5. Eli Christensdtr., 17 år, 6. Ingeborg Christensdtr., 15 år. Merkeleg ved dette skiftet er elles at det visstnok ikke var noko skifteoppgjør.

Av år 1800 er ein tinglese kontrakt som etter utskrift er sålydande:

”Fliflet. Kontrakt. Dato mangler, men årstal 1800. Tgl. 1801, febr. 16. mellem Simen Fliflet, Lars Olsen Høkelien og Knud Christensen Svenskerud ang. sameieskogen: 1. Lars Olsen og efterk. eiere av Høkelien må hugge for Høkelien  $\frac{1}{3}$  måls sagtømmer, Simen Fliflet og efterk. eiere av Fliflet må hugge for denne gård  $\frac{2}{3}$  måls sagtømmer og Knud Christensen Svenskerud og efterk. eiere av Svenskerud må for denne gård hugge  $\frac{1}{4}$  måls sagtømmer mot gården Høkelien. Under mål regnes ikke, og intet tre må hugges, uten at derav i det mindste kan fåes 2 måls sagstkr. Forinden hvert års 14. april skal de samles på Fliflet for å avgjøre hvor stort kvantum de det år vil og må hugge. Den hugst som skjer uten felles overlæg, ansees som ulovlig åvirke. Enhver kan hugge det han trenger til brændeved og husbehov. Friske tømmerlignende trær brukes ikke til ved. Da oppsiderne på Vedum, Lier og Roland har fornærmet dem med hugst i sameien, har de holdt arrest på denne hugst eller åvirke. Da de nødsages til ved process og rettergang å forfølge saken, så skal enhver av dem svare omkostn. ved denne arrest og process efter følg. forh.: Simen Fliflet  $\frac{2}{3}$ , Lars Olsen  $\frac{1}{3}$  og Knud Christensen  $\frac{1}{4}$  av denne siste  $\frac{1}{3}$ . Om nogen efter at processen er anlagt, vil gå ut av samme, da frasier han sig derved al rettighet og eiendom til den omhandlede eiendom.”

Ein merker godt at den som har ført denne kontrakten i pennen har vore vant til å skrive, og har visst kva ord tyder.

Året etter kom påbødet om folketelling, og det budde da 8 familiar på og/eller ved Fliflet. Det var:

1. familie: 1. Simen Christensen, husbonden, 49 år, 2. Sedsill Christophersdtr., kona hans (frå Boleng), 36 år, 3. Christian Simensen, son deres, 16 år, 4. Marthe Simensdtr., dotter deres, 12 år, 5. Christopher, son deres, 8 år, 6. Hans, son deres, 5 år, 7. Anne, dotter deres, 2 år, 8. Anne Iversdtr., mor til husbonden, føderådskone, 72 år, 9. Ole Hansen, tenestkar, 24 år, 10.

Engebret Christensen, tenestkar, 22 år, 11. Ranild Olsdtr., tenestkvinne, 40 år, 12. Anne Hansdtr., tenestkvinne, 60 år, 13. Sønnøv Olsdtr., tenestkvinne, 22 år, 14. Martha Poulsdtr., tenestkvinne, 21 år, 15. Guri Poulsdtr., 16 år.

2. familie: 1. Syver Engebretsen, husmann med jord, 52 år, 2. Marit Winsentsdtr., kona hans, 72 år, 3. Dorte Syversdtr., dotter til mannen, 4. Ole Pedersen, son til Dorte, 5 år, 5. Anne Syversdtr., dotter til mannen, 24 år, 6. Christen, son til Anne, 3 år, 7. Rasmus Svendsen, ”går i Dagleie”, 60 år.

3. familie: 1. Ole Olsen, husmann med jord. landvernsoldat, 44 år, 2. Marta Nilsdtr., kona hans, 32 år, 3. Marta, dotter deres, 3 år,

4. familie: 1. Peder Gudmundsen, husmann med jord, 38 år, 2. Guri Olsdr., kona hans, 37 år, 3. Ole, son deres, 11 år, 4. Arne, son deres, 6 år, 5. Martha, dotter deres, 1 år.

5. familie: Jon Nilsen, husmann med jord, 45 år, 2. Gunild Christensdr., kona hans, 40 år, 3. Nils, son deres, 5 år, 4. Johannes, son deres, 3 år, 5. Marte, dotter deres, 1 år, 6. Christen Amundsen, son til kona, 16 år, 7. Sedsill Olsdr., ”Inderste og gaaer i Dagleie”, 55 år,

6. familie: 1. Ole Madsen, husmann med jord, 47 år, 2. Anne Christensdr., kona hans, 47 år, 3. Sigrd Olsdr., dotter deres, 20 år.

7. familie: 1. Anne Madsdr., ”Inderste og gaaer i Dagleie”, 53 år, 2. Svend Olsen, son hennar, 11 år, 3. Sigrd Olsdr., dotter hennar, 5 år,

8. familie: 1. Engebret Thomesen, husmann med jord, 62 år, 2. Gunni Olsdr., kona hans, 64 år, 3. Christen Engebretsen, son deres, 24 år, 4. Anders Engebretsen, son deres, 17 år.

Etter dette budde det i alt 47 menneske på og/eller ved Fliflet. Ein merker seg av at dei var det 7 tenestfolk i alderen frå 16 til 60 år, og det var 6 husmannsplassar med brukande jord, der det budde familiar. Handverkarar var det derimot få av blant husmennene på Fliflet.

Iver Christensen Fliflet var lensmann i Fåberg til i 1811. Da fekk Niels Fliflet amtets besikkelse til å vere lensmann. To år seinare gav i 1813 husbonden Simen Christensen Fliflet skjøte til sonen Christoffer på ættegarden Fliflet. Den nye eigaren og brukaren var da 20 år. Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Fliflet fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 7 hestar og 36 storfe, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 100 tønner. Det er elles oppgitt at det framleis var 6 husmannsplassar ved Fliflet.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskyld i huder og skinn skifta ut med ei ny matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Fliflet i Fåberg fekk da som ny matrikkelskyld: 19 skylddalar 1 ort 18 skilling, som var like stor skyld som t. d. for Lundgaard. Eigar og brukar av Fliflet i 1838 var Christoffer Simensen Fliflet, som da var 45 år.

Frå denne tid er nokre fleire av husmannsplassane under Fliflet nemnde ved namn. I 1839 var det såleis skifte på husmannsplassen Bratøgarden, der husmora Anne Pedersdr. var død ganske ung. Mannen hennar heitte Ole Nilsen, og dei hadde to barn i ekteskapet: 1. Christine, som var 10 år, 2. Peder, som var 6 år. Namnet på ein av dei andre husmannsplassane finn ein i 1851 skrive ”Flifleteie”.

I 1841 var føderådsmannen Simen Christensen Fliflet død, og det var skifte i samband med dødsfallet. Ved dette skiftet er det opplyst at av borna til avdøde var da tre i live, nemleg: 1. Marthe, som var 52 år og enke, 2. Christoffer, som var 48 år, 3. Hans, som var 45 år. Dottera Anne Simensdr. var derimot død, men det er opplyst at ho hadde 4 born: a. Christen Svendsen, 19 ½ år, b. Ingeborg Svendsdr., 22 år, c. Sidsel, 15 år, d. Christine, 13 år. Christoffer Simensen brukte Fliflet til i 1847, da han skjøta garden over til sonen Simen Christoffersen Fliflet. I den nye brukaren si brukartid fekk to av husmennene bygselseddel på plassane sine. Det var Ole Christensen på plassen øvre Hullet og Engebret Olsen på plassen Hullet. I denne tid var det elles ei større utskiftingsforretning over Ruken Sameiemark.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om Fliflet oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjøre 670 mål, og av dette var 214 mål jord av 1. klasse. Det var da berre ein gard i Fåberg som hadde eit større jordbruksareal enn Fliflet, og det var Søgarden Jørstad med 680 mål. – Vidare er det i 1865 oppgitt at husdyrhaldet på sjølve Fliflet gard da var: 8 hestar, 37 storfe og 23 småfe, men dertil var det på husmannsheimane ved Fliflet tilsaman: 13 storfe og

37 småfe. Først på same måten var utsæden på sjølve Fliflet gard: 35 tønner korn og 18 tønner settepoteter, men dertil var det på husmannsplassane tilsaman 8 tn. korn og 8 tn. settepoteter. Tre år seinare var det i 1868 bygd bru over Gausa ved Flåkålia, og det vart da tinglyst ei erklæring frå S. Fliflet m.fl. om visse atterhald ved bygging og vedlikehald av brua. Av 1871 er og ei tinglyst semje mellom brukarane av Fliflet og Vedum om utskifting av skogen i setersameiga.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Fliflet i Fåberg fekk da gardsnr. 129 av samla skyld 31,72 mark, og det var framleis Simen Christoffersen som var eigar og brukar av Fliflet.

Året etter gav i 1887 Simen Christoffersen kjøpekontrakt til sonen Christoffer Simensen på ættegarden Fliflet for kjøpesum kr. 20000,- og eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 3500,-. – Christoffer Fliflet hadde så garden til i 1889, da han skjøta Fliflet til Iver Tostensen Ouren for kjøpesum kr. 34000,-. Ved denne handelen vart det elles gjort merknad om heimelen til garden, og handelen vart så overført til Bernt Simensen Fliflet for kjøpesum kr. 26000,- + overtaking av føderåd til Simen Christoffersen og hustru.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det enda berre eitt bruksnummer under Fliflet, altså grn. 129, brn. 1 Fliflet av skyld 31,72 mark, som Bernt Simensen Fliflet var eigar og brukar av. Men same året, altså i 1904, var det skylddelingsforretning på Fliflet, og ein parsell av seterlykkja på Ruken og ein parsell seterskog vart fråskilt som eit bruksnr. 2 av skyld 0,42 mark og selt av Bernt Fliflet til Peder Høglie for kjøpesum kr. 800,-. Samtidig vart og ein parsell skog brn. 3 Smestykket av skyld 0,04 mark fråskilt og selt til Marcus Lier for kr. 125,-.

Som eit streif av nyare tid tek vi elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det da 9 personar med røysterett på og/eller ved Fliflet. Det var: 1. Gardbrukar Bernt S. Fliflet, 35 år, 2. Husmor Elise O. Fliflet, 39 år, 3. Husmann Kristian P. Midthaugen, 61 år, 4. Husmor Olia Olsdr. Midthaugen, 57 år, 5. Husmann Ole Kristiansen Hullet, 46 år, 6. Husmor Anetta Hansdr., 50 år, 7. Husmann Simen Haugen, 51 år, 8. Husmann Matea Simensdr., 51 år, 9. Føderådskone Ingeborg I. Fliflet, 62 år.

Tre år seinare gav i 1910 Bernt Fliflet forpaktningkontrakt til Jacob Flugsrud på garden Fliflet med husdyr og gardsreiskap m.m. mot årleg avgift 1000 kr. Av handlar i seinare med Fliflet eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1920 kjøpte så Markus M. Lysvang parsellen grn. 129, brn. 4 Bekkevold av skyld 0,12 mark, og i 1922 kjøpte Ole B. Fliflet grn. 129, brn. 5 Fliflet søndre av skyld 4,20 mark. Same året gav og Bernt Fliflet skjøte til sonen Simen Fliflet på grn. 129, brn. 1 Fliflet.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 tre jordbruk under gardsnr. 129 Fliflet. Det var: a. Grn. 129, brn. 1 Fliflet med eit jordbruksareal av åker, eng og hage på tilsam. 270 mål (da), som Simen Fliflet var eigar og brukar av. b. Brn. 5 Fliflet med eit jordbruksareal på ca. 35 mål, som Ole Fliflet var eigar og brukar av, c. Brn. 4 Bekkevold, jordbruksareal ca. 15 mål, som Markus Bekkevold var eigar og brukar av.